

Hei Kjersti

Austmarka, 24.april 2014

Me hadde Fau-møte på Sæbø skule, Onsdag 23.april og tok opp Trafikksikringsplan i Radøy, der me konsentrerte oss om skulevegen på Sæbø.

Desse møtte på møte:

Tanja Thomassen (1.trinn), Karine Straume (2.trinn), Ronny Espenes (5.trinn), Svein Helge (6.trinn) og Grethe Jørgensen (7.trinn).

Trafikksikringsplan i Radøy:

*Fartsdump m fotgjengarfelt v/nye grusparkeringsplass over ballbingen på skulen. Det må også opp stoppforbodeskilt → dette bør gjerast, barna spring over vegen, bilar parkerar oppå fortau, og når det er mørkt/regnar skapar det farlege situasjonar → kaos med bilar i den tida skulen byrjar kl. 08:00. Me vil ikkje ha nokon påkøyrd.

*Politikkontroll inne i skuleområdet der foreldre leverer barna sine. Dette trur me kan fungera. (andre skular har uformelle politikkontroller).

*Gratis skyss til barn på Vetås pga. farleg skuleveg, der det køyrer tungtransport til den største Industriområdeplassen i Radøy- (Radøygruppen).

*Gangfelt frå Vetås til Storheimstø.

*50 sone på Namtveit. Her er det også mykje skuleborn.

*Alle fotgjengarfelt i Austmarka bør merkast på nytt.

*Me i Fau synest det fungerar veldig fint v/rundkøyringa der det er skilta v/barnehagen, så det nyttar å setja opp skilt. Foreldre er flinke å retta seg etter skilta.

Mvh

Grethe Jørgensen

leiar

